



Bygdeutvikling

Suldal kommune

Norges Vassdrags- Og
Energidirektorat (nve)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato: 15.09.2025
Arkivkode: K2-S04
Dykkar ref.
Vår ref. 17/262-200
25/15158
Torill Tølstad

**SAKSNUMMER 202320330 TILLEGGSKOMMENTARAR TIL
KONSESJONSSØKNAD FOR OPPRUSTING OG UTVIDING AV RØLDAL
SULDAL KRAFTVERK ETTER NVE SI SYNFARING 02.09.25 I SULDAL**

Suldal kommune takkar NVE og Lyse Kraft for ei god og opplysende synfaring. Me har fylgjande tilleggskommentarar etter synfaringa:

Vinterbrøyta veg frå Bleskestad til Tverrdalen.

Lyse kraft her etter høringsfristen til konsesjonssøknaden sendt inn utfyllande opplysningar, mellom anna om opprusting av anleggsvegen mellom Bleskestad og Sandvatn. Her går det fram at ny veg må vinterbrøytas til Tverrdalen. Suldal kommune viser til arbeidet med tiltaksplan for villrein der det no jobbast med å avgrense bruken og tilgongen til fleire av dei gamle anleggsvegane i kommunen. Tverrdalen ligg tett opp mot villreintrekket som går mellom Hongsnuten og områda ved Skorpeskar. Suldal kommune oppfordrar derfor NVE til å vurdere stengeregimet på den vinterbrøyta strekninga allereie i ein eventuell konsesjon.

**Samordning av Lyse sin konsesjonssøknad og Statnett sine planar om ny
koplingsstasjon på Håmo**

Kommunestyret i Suldal gav desse merknadane til opprusting av linjenettet i sin uttale til konsesjonssøknaden:

«Det er ein svakheit med søknaden at konsekvensane av nytt transmisjonsnett og nykoplingsstasjon til Statnett ikkje vert vurdert samla med Lyse sitt framlegg til utbygging. Eit arealbeslag på 50-60 dekar pluss høgspenledningar med sikringssoner inn og ut til anlegget vil prege landskapet kraftig. Statnett sine anlegg vil og krevje oppgradering av infrastrukturen i området. Alt dette burde vore ein del av den samla vurderinga i KU, spesielt for landskap, naturmangfald og samfunn».



| Eidsvegen 7, 4230 SAND
| Bankgiro: 3202.07.01153

| 52 79 22 00
| org. nr 964 979 189

| postmottak@suldal.kommune.no
| www.suldal.kommune.no

Foreløpige planar frå Statnett for grunnboringar viser no skisser av eit anlegg som kan ta opp opptil 130 dekar.

Suldal kommune har inngått ein avtale med RSK DA der det mellom anna er avtalt:

«RSK vil, saman med kommunen, arbeide for at det blir lagt til rette for etablering av næringsareal på Håmo, herunder samordning med Statnett om fremdrift og utforming av de aktuelle arealene»

NVE har ikkje motteke ein konkret søknad frå Statnett enno og lokasjonen av koplingsstasjonen er ikkje låst til Håmo. Likevel kjem det no fram at både Lyse sin søknad og Statnett sin kommande søknad vil krevje store samla arealbeslag. Skal me få ein best mogleg samfunnsmessig utnytting av areala forventar Suldal kommune at desse søknadane vert vurdert samla.

Med helsing

Dagfinn Svadberg Hatløy
Einingsleiar Bygdeutvikling

Torill Telstad
Rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent